

Økologisk frukt



Rådgjevingsmelding nr. 9 2022



'Discovery' i Lier er rundt 45 mm.

Utvikling

Vi nærmar oss hausting av eple og plomme, sjølv om det nok er igjen ein månad før innhaustingsarbeidet tek til for alvor. Ta ein sjekk på hauste utstyret no. Stigar, plukkeposar og kassar må være klar til sesongen.

Ulike utfordringar kan ein lett sjå no sidan skada frukter lett viser seg som bråmodna frukter som vil av trea. Ofte kjem det ulike soppar i tillegg og så snart det er hol i skalet vil monillia være ein smittsam utfordring i fruktklasane. Under tynningsarbeidet må ein fjerne dette. Lysskjering er også aktuelt å tenkje på i felt med mykje bladverk og bortgøymt avling.

Vatning og gjødselvatning

Austlandet må fortsette å vatne. Spesielt viktig er det i felt på lettjord.

Vèrdata finn du her: <https://lmt.nibio.no/>

Vatningsbehovet: [VIPS - vanningsbehov \(nibio.no\)](#)

Lysskjering

Dette tiltaket er aktuelt i eldre felt med for mykje skugge av bladverket. Bruk ei vanleg skjeringsaks og knus kvisten etterpå.

Unngå å skjere rett før ei varmeperiode. Det kan gje for mykje lys inn på epleskallet som kanskje har vore skjult i treet tidlegare. Lysskjering vil gjere at epla blir endå meir eksponert for innstråling. Skal ein lysskjera må det vegast opp mot solbrenning ein kan få i etterkant. Lysskjering på skuggesida av treet er tryggare enn på solsida. På vestlandet er faren for solskade liten akkurat no.

- Normalt utførast lysskjering 2-3 veker før hausting.
- Det er mest aktuelt å ta området i 80-150 cm høgde i treet, sida toppen alltid vil få nok sol uansett.
- Unngå å fjerne andre skot enn årsskot.
- Om ein fjernar for mange årsskot og/eller for tidleg, vil dette kunne gi negativt utslag på sukkerinnhald og fruktstørrelse.
- Sett igjen tappar på 10-15 cm på skota for å unngå at dei gjer skade på frukta.

Ugras

Gras og ugras

Fres felta kvar tredje veke. Alternativet er å bruke ljå eller grastrimmar. Unngå å treffe stamma og la det heller stå igjen nokre grastustar enn å drepe trea. Graset i køyregangen kan med fordel holdast kort. Enkelte praktiserer å slå annankvar rekke i køyregangen per gong, for å alltid ha ein del av nyttefaunaen intakt og operativ.

Sopp og skurvsprøyting i kjernefrukt

Som tidlegare tilrådd, så bør ein ut i felt og kikka om ein ser etablert skurvsmitte på blad eller frukt. Om ein ser skurflekker så bør ein halde fram skurvsprøyting ved regnvêr ut sesongen, for å hindre at smitten breier om seg.



Biletet viser mjøldogg i eple. Klipp bort toppane om det ikke alt er gjort. Det beste er å få det ut av feltet og brenne det om det er mogleg.

Bladlus

For mindre angrep, på småtre og/eller der lusa er kome lenger i utvikling er punktprøting på lusetoppa med konsentrat mot insekt innehaldande pyretrin (ulike handelsnamn).



Bildet viser skaden rød eplebladlus medfører. Eplekarten blir liten, overmoden og ikke egna til press eller konsum. Normale eple nedst i begge bilda. Bildet til høgre har eple normal storleik, men den knudrete skallet tyder på angrep av rød eplebladlus tidlegare i sesongen. Dette er heller ikke egna til menneskeføde.

Andre insekt



Epleviklar (øverste bileta) og rogebærmøll (nederste bileta) er godt synlege om det er angrep i felta. Det er lite tiltak no.

Epleviklaren lager ein stor gang inn mot kjernehuset. Larva er stor på ø.tv biletet. Skade av rogebærmøll kan likne skade av epleviklar utanpå eplet, men gangane er små og surrete inni eplet. Larva er lita og kan være vanskeleg å finne inni eplet endå.

Tynning



Fortsett tynninga om ein ikkje er ferdig. Fjern dei minste karta, dei som er har skade eller insektgnag og set igjen dei finaste.

Biletet viser 'Discovery' som er seint tynna, men likevel nødvendig for å få opp kvaliteten på det som er igjen. På biletet under er berre halvparten av epla igjen etter tynning.

Gjødsling

Frå juli og utover bør ein unngå bakkegjødsling med husdyrgjødsel eller anna fastgjødsel som treng lang tid på løysa seg opp. Dette fordi gjødseleffekten vil kome så seint at trea kan få problem med å avslutte veksten inn mot vinteren og dermed vere meir utsett for frostskadar. Fortynna gjødsel i vatn og/eller gjødselvatning kan ein derimot ha på i avgrensa mengder. Dette kan særskilt vere aktuelt for nyplanting.

Bladgjødsel som tilrådd i «Plantevernplan Frukt og Bær 2022» fra NLR kan nyttast dersom påvist mangel enten gjennom bladprøve eller gjennom symptom på bladverk. Plantebasert Aminosol som inneholder 6% nitrogen kan betre grønfargen på bladverket. Eit velfungerande bladverk er viktig for fotosyntesen til treet.

Bladgjødsling mot priksjuke

Sprøyt ut ei blanding med 500 g/daa kalsiumklorid og 100 ml/daa Aminosol PS (plantebasert). Start med dette no. I starten kan kvar 14. dag være godt nok, men gå så over til kvar 7.-10. dag den siste månaden fram mot hausting.

I enkelte tilfelle kan fruktene sjå fine ut ved hausting, men at prikksjuka først blir synleg på lager. Det gjeld å gi kalsium ofte nok no framover. Det er også best effekt av kalsiumsprøytingane på slutten når epla «sveller» veldig og kalsium-innhaldet blir fordelt på eit større volum fruktkjøtt.

Plommer

Siste innspurt på plommetynning kan være gunstig. Det er fint å få bort plommer med skade, insektangrep, feil og andre ting som gjer at dei kan smitte friske plommer.



Biletet viser 'Opal' som blir seint tynna.



Plommeviklar er eit stort problem i mange plommefelt over heile landet. Symptoma er dråpe med gummiflod og ein sytråd-liknande strek på plomma. Enkelte sortar som 'Opal' vil nødmodne i desse dagar og kan være greitt å fjerne frå trea.